



Palestina: Demonstrasjon ved ein separasjonsmur utanfor byen Nilin. Tåka er tåregass frå dei israelske vaktene i bakgrunnen. (Foto: Roger Nordland)

## Kristenfundamentalistane og Israel

Harald Haukaa Fjørtoft

Publisert: 13.04.13 04:30 Oppdatert: 12.04.13 12:27

I eit svar til meg i Hallingdølen påstår Jostein Sandsmark at palestinarane og dei palestinske styresmaktene (PA) sjølv er skuld i korleis palestinarane har det i Palestina. For ein som meiner å ha innsikt i situasjonen, er dette eit botnmål av innsikt og kunnskap. PA opptrer heilt avhengig av dei israelske styresmaktene og ein av verdas sterke militærmakter som kontrollerer heile Palestina, heilt uavhengig av kva for avtalar som vart gjort av partane i Oslo i 1992.

Det er framleis vanskeleg for meg å forstå at kristne står regimet i Israel og den brutale okkupasjonen av Palestina. Kvifor står dei ikkje heller dei kristne i området? Er det av di dei kristne er palestinrarar og lever i fred med sine muslimske naboar? Dei kristne treng verkeleg hjelp. Vanskane okkupasjonsmakta lagar når det gjeld arbeid, næringsverksemد og at det er nær sagt umogleg å eksportera varer, gjer at mange flyttar ut. Eller kvifor står dei ikkje representantane for Kirkenes Verdsråd, EAPPI, som gjer eit viktig arbeid. Eg har møtt to av gruppene. Ei i den palestinske landsbyen Yanun der dei hindra trakassering og angrep frå dei ulovlege busetjarane som prøvde å overta alt landet deira, i nye koloniar på alle høgdene rundt landsbyen. Den andre i det israelske kontrollpunktet til enklaven Kalkyllia der dei hindra trakassering av palestinske barn med skulebussen som passerte dei to gongene av ein halv time kontrollpunktet var ope i døgeret. Prøv eit 3-månaders engasjement, lær og opplev ([www.eappi.org](http://www.eappi.org)).

Eg har aldri gjeve jødane skulda, slik Sandsmark påstår. Derimot har eg presisert at det er den rådande ideologien i Israel, zionismen, som fremjar fordrivinga av palestinarane. Zionismen er ein aggressiv ideologi med eit uttrykt mål å bruk terror for å nå måla sine; eit stor-Israel der berre jødar (og heller ikkje kristne) skal ha statsrettar. Det er zionismen som skuvar jødane framfor seg og brukar dei som påskot for sine mål. Mange jødar er sterke motstandarar av zionismen og Israel sin menneskefiendtlege politikk.

Okkupasjonen av Palestina er svært brutal. Det er Israel som okkuperer Palestina. Verdssamfunnet har gang på gang fordømt dette, men har aldri følgd opp vedtaka. I folkeretten har palestinarane som eit folk under okkupasjon, rett til å forsvara seg medan Israels ekspansjon er folkerettsleg ulovleg. Palestinarane har vore eit fredeleg folk og har hatt lite, som våpen, å forsvara seg med mot ein av verdas sterkeste krigsmakter.

Me står no framfor eit nytt palestinsk opprør. Dette vil bli eit blodbad. I denne situasjonen er det ei human plikt å gje palestinarane den støtta det er mogeleg å gje dei. Samstundes må me krevje at det ikkje går ei kule eller ei krone til zionistregimet.